

## HANDLINGSPLAN FOR 2022 - ARBEID KNYTT TIL OPPFØLGING AV STRATEGISK PLAN FOR NÆRINGSUTVIKLING I VIK KOMMUNE

BEDRIFTSUTVIKLING				
	Omtale av tiltak	Hensikt	Viktige oppgåver	Resultat
1	Kartlegging av vekst- og utviklingpotensiale i eksisterande næringsliv	Få oversikt over vekstplanar og behov i enkeltbedrifter	Møte bedrifter, jamleg dialog. Lokal kunnskap.  Avklare vilje og evne til vekst og utvikling per bedrift.  Finne konkrete samarbeidsprosjekt	Jobbe målretta saman med bedrifter om å skape utvikling og nye arbeidsplassar.
2	Bedriftsrådgjeving	Bidra til vekst og utvikling ved å bistå gründerar og eksisterande næringsliv.	Førstelinjeteneste for dei som ynskjer å starte bedrift. Idéavklaring.  Rettleiing til verkemiddelapparatet.  Forretningsmodellering, strategiarbeid, utviklingsprosjekt.	Jobbe målretta saman med bedrifter om å skape utvikling og nye arbeidsplassar.
3	Produkt og marknadsutvikling i landbruket (Td bringebær, meieriet, Sogn Grønt mm)	Bidra til utvikling av nye produkt og utvikling av nye marknader i landbruket	Produktutvikling. Kartlegge og gjere tilgjengeleg nye måtar å arbeida med landbruksutvikling. Rettleiing. Kartlegge potensielle nye marknader, bistå i prosess med å gå inn i nye marknader	Fleire nye produkt. Større marknadsandelar i eksisterande marknader. Fleire lokale landbruksaktørar er godt etablert i nye marknader.
4	Finansiering, kapitaltilgang og risikokapital.  Mentorordning  Forvaltning av kraftfondet	Ha oversikt over og hjelpe bedrifter som treng finansiering av vekst og utviklingsprosjekt  Ha oversikt over personar som kan og vil vere mentor for gründerar og unge leiarar.	Englenettverk/jobbe for lokal kapitaltilgang.  Undersøke behovet for og viljen til å etablere eige såkornfond i Sogn  Oversikt og rettleiing til kapitalordningar  Intern kompetanseheving innan finans- og kapitaltilgang, tileigne kunnskap om kapitalstrategi.	Bidra til å skaffe mest mogeleg ekstern vekstkapital til lokale verksemdar.  Meir vellukka oppstartar og skaleringar grunna gode mentorar.
5	Siva sitt næringshageprogram	Auka bruk av næringshageprogrammet som eit verktøy for bedriftene i Sogn.	Rekruttere bedrifter til å ta i bruk verktøya og verkemidla til næringshagen.	Auka relevans og samarbeid mellom bedrifter i Sogn.
6	Samarbeid med næringsorganisasjonane.	Sikre forankring og relevans. Auka næringslivsengasjement. Bruke næringsorganisasjonane som koordinerande ledd mot næringslivet.	Jamlege møter med næringslivsforeiningar  Felles arrangement.  Bistå ved behov.	Godt forankra næringsutviklingsarbeid i Sogn Næring og kommunen, engasjert næringsliv.

		Sikre tett samarbeid relevante næringsforeiningar, som Vik næringsssamskipnad, Sogn U 40 og styreakademiet	Bruke aktivt som informasjonskanal - tovegs.  Rolle knytt til utviklingsstruktur/FUS, kompetanse, arrangement.	
7	Reiseliv - løfte aktivitetsbedriftene lokalt etter modell frå Balestrand Adventure.	Etablere gode arbeidsgrupper lokalt saman med Visit Sognefjord. Utarbeide plan for arbeidet vidare.	Strategisk arbeid og profesjonalisering av aktivitetsverksemdar/hubane.	Aktivitetsutvikling (aktivitets-hubbar)
8	Kontorfellesskapet for gründerar og etablert næringsliv tilgjengeleg i heile kommunen.	Etablere «FUS Vik» med kontorplassar og gründermiljø etter mal frå FUS på Campus.	Bestemme organisering, fastsette retningslinjer for deltaking og bruk, definere innhald og ikkje-materielle tenester og tilbod.  Prøveprosjekt første år.	Eit levande kontorfellesskap som er ein møteplass for skapande krefter i Vik.

## NETTVERK OG KOMPETANSEUTVIKLING

	Omtale av tiltak	Hensikt	Viktige deloppgåver	Resultat
1	Kurs	Legge til rette for kurs for næringslivet som er viktige for vidare utvikling av bransjar og enkeltbedrifter.	Kartlegging av behov i næringslivet.  Koordinere og bidra til gjennomføring.  Samordne arbeidet regionalt, og med andre organisasjonar (næringsssamsk., bransjeorg. osv.)	Oversikt over behov.  Gjennomført kurs i samsvar med forventningane frå målgruppene.
2	Utviklingsprogram  Organisere og gjennomføre kurs/utviklingsprogram for verksemdar med stort vekstpotensiale	Spissa utviklingsprogram for bedrifter med særleg stort vekstpotensiale og stor vilje til å bruke egne ressursar på å ta det ut	Inngå avtale med eksternt leverandør.  Mobilisere til deltaking.  Oppfølging og evaluering i etterkant. Sikre at programmet har god leveranse og ynskja effekt.  Vurdere eventuelle nye samarbeidspartnarar  Oppfølging og vidare arbeid etter gjennomført program.	Aktuelle bedrifter har gjennomført programmet og gjennomført tiltaka.  Auke tal verksemdar som gjennomfører tiltak for å vekse.
3	Studieturar	Bli inspirert og lære av andre der relevans i konkrete prosjekt.	Kartlegge behov, koordinere og bidra til gjennomføring.	Ny kunnskap blir teke i bruk i aktuelle prosjekt.
4	Temasamling	Etablere arenaer der næringsliv kan møtes for å bli kjent, lære og finne samarbeidspartnarar. samarbeide. Inspirere.	Arrangement, bransjespesifike og på tvers av næringar.	Bedriftene er blitt betre kjent og samarbeider i større grad. Fått inspirasjon til vidare utvikling.
5	Nettverk/samarbeid	Stimulere til fleire formaliserte samarbeid, utvikle eksisterande samarbeid.	Bransjeretta fokusgrupper. Tematisk – digitalisering klima- og miljø m.m. Utvikle eksisterande samarbeid og næringsklynger.	Fleire formaliserte og sterkare samarbeid. Utveksling av ny kunnskap og erfaringar, strategisk eller kommersielt samarbeid, som styrkar bedrifter og off. verksemdar. Bygge sterke kompetansmiljø.

## Prosjekt og Strategiske satsingar

Dette er satsingar Sogn Næring jobbar med på eige initiativ, på initiativ frå andre aktørar i regionen eller som samarbeidsprosjekt i Sogn. Sogn Næring har alltid med seg korleis slike oppdrag også kan vere av verdi for verksemdar i Vik

	Prosjekt	Hensikt	Samarbeidspartnarar	Finansiering	Resultat
1	Sogn.no/Remote Sogn	Portal for å synleggjere Sogn som felles bu- og arbeidsmarknad	Sogndal kommune		Sogn som ein attraktiv bu- og arbeidsregion
2	Fus-stukturen	Etablere attraktive kontorfellesskap i heile Sogn. Utvikle sterke kompetansemiljø på kvart av lokasjonane. Posisjonere Sogn som eitt av dei beste områda på gründeratsing ,workation remote work og kontorfellesskap.	Sogndal kommune		Ein samanhengande struktur for kontorfellesskap i Sogn, attraktiv for lokale og tilflyttarar. Eit verktyg for å skape attraktive, levande bygder.
3	Workation	Etablere Sogn som ein attraktiv og destinasjon for workation.	Visit Sognefjord i kombinasjon med andre strategiske partar		Utvida sesong, fleire besøkande heile året, lengre besøk.
4	Mat- og drikkeløftet	Styrke omdøme for mat og drikke i regionen, og sette Sogndal på kartet som ein stad med eit av dei fremste nasjonale fagmiljøa knytt til mat og drikke.	Sogndal kommune, Sogndal vidaregåande skule mm.		Auka tal søkarar til restaurant- og matfag. Fleire lokale kokkar
5	Restart reiselivet	Prosjektet skal restarte og forsterke samarbeid og utvikling i kriseråka reiselivsbygder i Sogn for å auke verdiskaping og lønsemd gjennom lengre sesong, og særleg ved å utvikle fleire heilårs arbeidsplassar i reiselivet og der gjennom meir levedyktige lokalsamfunn og bygder der det i dag er eit einssidig og sesongbasert næringsliv.	Finansiert gjennom fylkeskommunen og KNF.	Tilskot frå Vestland fylkeskommune på kr 800 000	Spesifikasjon av forbetra samarbeidsformer og nye lokale HUBar og eit sett nye pilotprodukt  Eit sett av operative pilottenester + resultat brukartesting
6	Fornybar energi	Eit forprosjekt for å kartlegge og avdekke potensiale for etablering av ny kraftkrevjande industri i Sogn (Luster, Sogndal og Vik kommune), for å sikre at den lokale kraftproduksjonen vert brukt til lokal verdiskaping. For å leggje til rette for at det vert gjort riktige strategiske vegval for den framtidige satsinga i dei tre kommunane, ligg det eit felles kunnskapsbehov, som dette forprosjektet har som målsetnad å dekke.	Sogndal kommune, Vik kommune, Luster kommune, Sogn Næring, potensiale for å kople på HVL og dei andre kommunane i Sogn.	Sendt søknad til Vestland fylkeskommune om støtte for å gjennomføre forprosjekt. Budsjettert til kr. 1 190 000, søkt om kr 595 i støtte frå Vestland Fylkeskommune. Resterande finansiering frå dei tre	Bedriftene frå store utsleppsnæringar i kommunane veit meir om korleis dei kan gå frå fossilt brensel til fornybar energi.  Alle kommunane har fått betre forståing for korleis nye grønne og automatiserte bedrifter i framtida kan konkurrerer med meir utsleppsintensive og arbeidsintensive bedrifter.  Bedriftene og alle kommunane veit kva ressursar som bør

				deltakande kommunen og Sogn Nøring.	utnyttast betre for å stimulere til sirkulære prosessar.  Kommunar og bedrifter går saman om å etablere eit nettverk som skal jobbe strategisk med grøn omstilling frå fossilt brensel til lokal fornybar vasskraft.
7	Landbruk	Arbeide med landbruk som ein viktig berar i det grønne skifte	TBD.	Det er ikkje byrja arbeide med ekstern finansiering av dette prosjektet enda og vil per tid bli arbeida med innan den ordinære løyvinga frå Vik kommune.	Omstilling, digitalisering, bruk av ny teknologi, effektivisering og fornybare prosessar inn i landbruket.
8	Profil og merkevare	Etablere Sogn som ei kjend og attraktiv merkevare. Innan område som mat og drikke og bu- og arbeidsmarknad	TBD.	Det vert arbeida med å einast med resten av Sogn om finansiering av dette prosjektet.	Sogn som eit nasjonalt og internasjonalt attraktivt område. Kjend for gode kvalitetar innan mat og drikke og som bu- og arbeidsmarknad
9	Offentlege arbeidsplassar	Strategisk arbeid for å halde på og fortsetje og utvikle dei offentlege arbeidsplassane i regionen.	Sogndal kommune	Det er ikkje byrja arbeide med ekstern finansiering av dette prosjektet enda og vil per tid bli arbeida med innan den ordinære løyvinga frå Vik kommune.	Halde på arbeidsplassane og kompetansen som er knytt til offentlege etatar i Sogndal kommune.
10	Andre regionale tiltak og prosjekt	Reiseliv, fornybar energi, Sogn for alle, digitalisering.	TBD	Det vert arbeida med å einast med resten av Sogn regionråd om finansiering av desse prosjektet.	

For Sogn Næring AS

Torgeir Skålid (sign)  
*Dagleg leiar*

For Vik kommune

Øistein Edmund Sjøvik (sign)  
*Rådmann*